

Sak nr 3. til årsmøte fra styret i Voss Næringsråd.

Vurdering av namneendring til Indre Vestland Næringsråd

Bakgrunn

Styret i Voss Næringsråd har gjennom det siste året diskutert den vidare utviklinga av organisasjonen og rolla rådet kan ha i regionen framover.

Voss Næringsråd deltek i dag, i ei rekkje samarbeidsarenaer og prosessar som går på tvers av kommunegrenser. Rådet arbeider med saker som gjeld utvikling av næringslivet i ein større del av regionen, og har dialog med aktørar på regionalt og nasjonalt nivå.

I denne samanhengen har det kome opp eit forslag om å vurdere ei namneendring frå Voss Næringsråd til Indre Vestland Næringsråd.

Vurdering

Ei eventuell namneendring kan bidra til å spegle betre det verkeområdet rådet faktisk arbeider innanfor. Namnet Indre Vestland Næringsråd kan opplevast som meir inkluderande for bedrifter og aktørar utanfor Voss kommune, og kan bidra til å senke terskelen for deltaking frå fleire delar av regionen.

Eit meir regionalt namn kan også styrke legitimiteten i dialog med fylkeskommune, statlege aktørar og nasjonale organisasjonar. Særleg i saker som gjeld infrastruktur, samferdsel, reiseliv og regional utvikling. Samtidig vil ei slik endring ikkje innebere eit brot med historia eller rolla Voss har hatt som ein sentral motor i arbeidet.

Namneendring vil i første omgang vere eit strategisk grep for å vurdere om organisasjonen i større grad skal arbeide regionalt også framover.

Forslag til vedtak

Årsmøtet ber styret arbeide vidare med å vurdere ei namneendring frå Voss Næringsråd til Indre Vestland Næringsråd. Navnet kan endrast om styret ser det som fornuftig, og vidare må styret utarbeide til 2027 årsmøtet ei nærare utgreiing og konkret forslag til vedtektsendring.